

**Fra:** noreply@regjeringen.no  
**Sendt:** 28. mai 2015 13:29  
**Til:** Postmottak HOD  
**Emne:** Nytt hørings svar til 12/15- - Høyring – forslag til ny forskrift om obduksjon og avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning

**Referanse:** 12/15-  
**Høring:** Høyring – forslag til ny forskrift om obduksjon og avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning  
**Levert:** 28.05.2015 13:29  
**Svar type:** Med merknader  
**Kontakt avsender:** Kommuneoverlegen i Hareid kommune  
**Kontaktperson:** Ottar Grimstad  
**Kontakt-e-post:** [ottar.grimstad@hareid.kommune.no](mailto:ottar.grimstad@hareid.kommune.no)  
**Tittel:** Forskrift om obduksjon

**Uttalelse:**

Det har herska stor usikkerheit blant legar i primærhelsetenesta om dei har rett til å få utført obduksjon av menneske som døyrt utanfor sjukehus, og korleis dei i så fall skal gå fram. Det er svært positivt at lova og forskrifta poengterer at ikkje berre har legar, også utanfor sjukehus, rett til å be om obduksjon, men at dei også bør vurdere om det bør gjerast og journalføre vurderinga si.

Forskrifta er likevel for utydeleg på korleis framgangsmåten skal vere for slik begjæring om obduksjon. Skal den rettast til vakthavande lege på medisinsk avdeling? Direkte til patologisk avdeling? Kven tar avgjerd på vegne av helseforetaket om obduksjonen skal bli utført? Det bør forskriftsfestast ei plikt for helseforetaket til å klargjere eit system for mottak av slike krav om obduksjon og kven som har avgjerdsmynde i om obduksjon skal bli utført, og gjere dette kjent for alle relevante legar.

Gravferdslova set eit krav om gravlegging innan 10 dagar etter dødsfallet. Det er behov for tidsfristar både for den lege som set fram krav om obduksjon (eg foreslår 2 døgn) og for helseforetaket til å vurdere kravet og ta stilling til om obduksjon skal utførast (foreslår 2 døgn her også).

Det bør gjerast tydeleg i forskrifta at utgiftene ved obduksjonen, inklusive naudsynt frakt av den døde, skal dekkast av helseforetaket.

**Vedlegg:** -